

Fra: Agnar didriksen <tlf90890898@gmail.com>

Sendt: onsdag 1. november 2023 21.08

Til: Leif Kåre Solheim <lks@karmoy.kommune.no>; AGNAR JARL DIDRIKSEN <ajdidrik@online.no>

Emne: Tilfeldig uttrukket kontroll

Gustavsens Forskaling 46 x 500kr/ time : 23.000,- (trekt bort 6900,-)

KBS , Kjell Arne Lende 196 sauer a 40 : 7840,-

Syre Maskin V/ Håvard Syre 240kr/t x 27 : 6480,-

Kvamme skog 500 kr/t x 3 timer : 1500,-

totalt : 38.820,- + mva

Gangstø transport får eg ikkje til å skrive timer , så den rekningen våger eg ikkje å legge inn ei einaste krone av. Her har eg rett på å få noko av dette dekket som avløyssing - men sidan Gangstø ikkje greier å skrive timepris slik landbrukskontoret ønsker , så må kravet utgå for å unngå å bli trekt for å føre feil. Legg den ved som eksempel på direkte tap som følge av at leverandører ikkje makter å lage rekningar som behager staten.

Det er også ein meget merkelig metode , det å la være å gi beskjed til bøndene at maks timepris er 500 kr/time. Håper at det ikkje brukes mot bøndene som får rekningar på feks 650 kr timen , slik eg gjer her. Eg har trekt ned timeprisen til 500,- sidan eg lærte dette ved sist kontroll , ellers ville det vært ein "feil" på 6900,- som eg umulig kunne vite om , dersom det ikkje var for at eg var i kontroll i 2022..... Etter min mening er det også meget rart at faktisk timepris ikkje skal brukes , når oppgitt timepris er det einaste vi har lov å føre.

Resten av avløyssingen kjem til å bli levert mot slutten av året som vanlig , det ser ut til å bli på ca 50.000 kr til kvar av to avløyssere , totalt ca 100.000 , samt at eg kjem til å bruke Gangstø igjen , ein tjeneste som altså ikkje er førbart....

Skulle det være feil i føringen min også dette året og du velger å trekke i tilskuddet , så gir eg faktisk opp og legg ned drifta for å unngå å få ein storsmell ein eller annen gang i ein eller annen kontroll i framtida. Det er ikkje ein trussel - bare ein realitet av at eg ikkje orker den psykiske påkjenningen det er å forsøke å gjere så godt som eg kan og likevel vite at det kanskje ligg eit problem og venter ein eller annen plass i enten tilskudd eller KSL eller noko anna eg ikkje har ført riktig , sjølv om eg trodde at det var ført riktig og som eg kanskje ikkje kunne forutsjå at var feil fordi ingen har opplyst oss om eit eller anna som ikkje står i veiledere eller er mulig å finne i andre dokumenter som vi normalt har tilgang på.

Eg har snakket med ein del bønder som har kasta inn handkledet dei siste åra og som gir opp fordi det ikkje er penger i drifta og da er det siste dei ønsker , å få ei bot dei ikkje makter å betale - og det er dette papirveldet med fare for avkorting som tipper lasset i retning av nedleggelse når marginane blir trange.

Vi kan arbeide gratis ganske lenge - men det tærer på psyken å vite at det kan komme ein smell ut av det blå. Å gjere feil er ein ting - men å bli bøtelagt for å gjere feil og føle seg som ein kjeltring for å lage gratis mat - det gidder vi ikkje i lengden. Det finne jobber med full lønn for 8-16 arbeid - og da med fri både lordag og søndag samt at det er mulig å få litt ferie utan å otte på kva som skjer på jobben.....

Det må være mulig å sjekke våre opplysninger utan å automatisk trekke i tilskuddet når det oppdages feil - for feil er det sikkert mulig å finne for den som leiter med lupe.... Og kva med å lage kurs i føring av diverse papirer ?

Det er ein beskjed du kan ta med deg til dei som styrer med slikt som sitter over deg....

Agnar